
Vår referanse 2021/24521-2
Dato 21.06.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr. 53, bnr. 4 - Grimstad - Alver kommune

Vi viser til Dykkar brev av 16.06.2021 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Grimstad i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift